

Referat frå styremøte 2023/3 i Norsk folkemusikklag

Teams måndag 6. mars kl. 19.00—21.00

Til stades: Bjørn Aksdal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad, Angun Sønnesyn Olsen og Sveinung Søyland Moen (referent)

Sak 21/23 Korte meldingar

Representasjon på UFFD's forumtreff

Sveinung deltar for NFL på laurdagen og gir beskjed til UFFD om dette.

Kort referat frå møte om seminaret på Fagernes

Bjørn oppdaterte styret frå siste møte i arbeidsgruppa for seminaret, som vart halde 6. mars kl. 12–14. Bjørn starta møtet med å informera arbeidsgruppa om at Bjørn og Tom Willy no mest truleg går ut av arbeidsgruppa etter årsmøtet, medan Sveinung er usikker. Dette då det vert opp til det nye styret å velja vidare representantar til gruppa. Den resterande arbeidsgruppa oppmoda då styret i Norsk folkemusikklag om å vurdere løysingar for kontinuitet i arbeidsgruppa, for slik å letta arbeidet for resten av gruppa fram mot seminaret. Styret var vidare informert om at Kulturdirektoratet har avslått søknaden om støtte til seminaret, slik at dei opphavlege planane for seminaret no må nedskaleras. Ole Aastad Bråten (Valdresmusea), Knut Aastad Bråten (Valdres folkemusikkarrangement) og Sveinung arbeider vidare med eit nedskalert program fram mot neste møte i arbeidsgruppa som er sett til 21. mars.

Endra dato for budsjettsøknaden

Sveinung informerte om at dato for budsjettsøknaden er endra til 1. desember. Det tyder at budsjettsøknad for 2025 skal sendast inn innan 01.12.2023. Årsrapport og rekneskap har same frist som før, slik at for 2023 skal dei sendast inn innan 01.03.2024.

Problem med skrift sende til Finland

Gratiseksemplara av Mot som skulle sendast til Finland, har kome i retur to gonger. Utsendinga er no utsett inntil vidare. Artikkelforfattaren bad oss sjekka med Novus forlag kva tid skriftet vert publisert elektronisk.

Sak 22/23 Referat frå førre styremøte

Bjørn gjekk gjennom referatet. Han informerte òg styret om at me førebels berre har fått inn ein artikkel til vurdering for Musikk og tradisjon 2023.

Sak 23/23 Innstilling til nytt styre frå valkomitéen

Styret har fått tilsendt innstillinga frå valkomitéen og sender ei tilbakemelding på denne.

Sak 24/23 Gjennomføringa av årsmøtet

Styret foreslår Bjørn som ordstyrar og Andrea som referent til årsmøtet. Andrea vil òg senda ein e-post til medlemmane med Teams-lenka til årsmøtet. Styret fordelte så oppgåver til årsmøtet.

Sak 25/23 System for føring av budsjett og regnskap

Sveinung sende 26.02. eit forslag til styret om utprøving av Styreweb for å letta nokre av dei administrative oppgåvene i laget. Styret var positive til dette og Sveinung teikna difor eit prøveabonnement på 30 dagar. Sveinung informerte styret om erfaringane frå den første veka av prøveperioden. Nettstaden inneheld løysingar for føring av rekneskap og funksjonar for lagsarkiv og medlemsregister, med meir. Utprøvinga er berre i startfasen, men det verkar svært lovande. Sveinung har òg vore i kontakt med styret i Norsk langeleikforum, som nyttar same nettstad, og dei har svært positive erfaringar med dette.

Styret tykkjer dette verkar som ei god løysing og tilrår vidare utprøving av dette.

Sak 26/23 Eventuelt

Søknad til Sikt om støtte til Musikk og tradisjon

Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør sende 15. februar ut utlysing for perioden 2024–2027 for «Norskspråklege opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap» med søknadsfrist 31. mars. Styret gjekk gjennom søknaden for å få oversyn over informasjonen som skal inn der. Det er eit krevjande arbeid der Novus forlag òg må involverast, men søknaden kan ikkje sendast inn før ny redaksjon er på plass etter årsmøtet.